

Til

Vindafjord kommune
Kommunaltekniske tenester

Attn: Hildbjørg Fludal

Uttale om overtaking av kai-prestabryggå i Vikebygd

Vikebygd grendautval har diskutert saka i bygdemøte og i grendeutvalet.

Vi legg stor vekt på innspela på bygdamøte.

Her var dei aller fleste innspel at ein ser positivt på at motorbåtforeninga får overta leigeavtalen for "Prestabrygga" og "Kaihuset".

Leiar i motorbåtforeninga orienterte på bygdamøte om deira planar og sa at dei hadde ønskje om å disponera kai og hus for å utvikla tilbodet til eksisterande medlemmer og nye medlemmer. Han gav klare signal om at ei overtaking ville medverka til fleire båtplasser til beste for bygda. Han uttrykte og at Prestabrygga skulle vera tilgjengeleg for gjester til bygda og drivast på ein positiv måte for bygda.

Når det gjeld kaihuset kom det innspel på møtet om at her kanskje kunne vore aktuelt med ein sommarkiosk e.l. utan at dette fekk vidare oppslutnad.

På denne måten kom leiaren i motorbåtforeninga sjølv med dei viktigaste føresetnader som bør vera for at dei skal overta leigeavtalen.

I det store og heile handlar dette om å kunna kombinera foreninga og bygda sine ønskje, og dette er langt på veg det samme.

For bygda er det viktig å ha ei motorbåtforening som er offensiv og heile tida utvidar tilbodet om båtplasser etter pågang og kva som er økonomisk og praktisk muleg. Grendeutvalet ser det slik at overdraging av leigeavtalen vil medverka til dette.

Elles kan ein i avtalen ha med ein intensjon om informasjon og dialog mellom motorbåtforening og grendeutval om vesentlege forhold i drifta.

Grendeutvalet ser det elles som svært viktig at kommunen så fort som muleg gjer eit teknisk vurdering av kaien. Det er viktig å få klarlagt kva vedlikehald som bør gjerast på kort og lang sikt, og lagar ein plan for dette.

Vikebygd 25. august 2012

Rune Hetland, leiar